



Nattstemning i båthamna denne veka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Natt til fredag fann det stad eit ualminneleg frekt tjuveri i Øyro Marina, opplyser hamnevert Egil Høgemark til uskedalen.no.**

Ein påhengsmotor som var lagt på sida av moloen vart stole. Ingen har merka noko sjølv om belegget var på topp i hamna denne natta. Saka er enno ikkje meldt til politiet, men det blir ho truleg.

- Dei siste to nettene har vi hatt 17 og 15 båter på besøk og fleire er det ikkje plass til, seier Høgemark.

Også Uskedal Båtlag kan melde om topptrafikk, med rundt rekna 30 gjestebåter dei to siste dagane. Denne helga blir det truleg enda trongare i dei to båthamnene i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen